



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Bjørg Sunde Melstveit
Brattavegen 12, 5450 Sunde I Sunnhord

5450 Sunde I Sunnhordland

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2022/4675-34		06.11.2024

Kvalitetsheving av grenser - 153/385

Kommunen har halde oppmålingsforretning over parsell av 153/9. 4 nye naustparsellar er frådela 153/9 og lagt inn i kartet. I denne forbindelse har landmålar måla inn den nye vasslinja mot sjø.

Målebrevet ditt frå 1997 viser at grensene fortset i same linje til og ut i sjø. Grensene er no retta, slik at dei samsvarar med gammalt målebrev og den nye sjølinja. Grensene har blitt forlenga slik at dei no treff ny innmåla vasskant. Det er ikkje halde noko ny oppmålingsforretning, men kunn ei retting på bakgrunn av eldre dokumentasjon. Relevant utdrag frå det matrikkelførte resultatet ligg vedlagt.

Jr. § 10 i matrikkelforskrifta skal grunneigar av den berørte matrikkeleininga underrettast om føringar i matrikkelen. Etter matrikkellova § 46 og forvaltningslova kap. VI har de rett til å klage dersom de meiner det er feil i føring av matrikkelinformasjon. Klagefristen er 3 veker.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Mette Hjelmeland
Fagkoordinator geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

